

Sprog i Norden

Titel: Om håndbøger i språkrett nynorsk
Forfatter: Kjell Venås
Kilde: Sprog i Norden, 1990, s. 34-52
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Nordisk språksekretariat

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Om handbøker i språkrett nynorsk

Av Kjell Venås

Nynorsk vart til som skriftspråk kring 1850. Grammatikken og ordboka Aasen gav ut noko seinare, i 1864 og 1873, vart dei fyrste normkjeldene for målet. Det var desse bøkene av Aasen som sa kva som skulle vera rett språk i meininga 'normbunden nynorsk'. Eg skal ikkje her gå inn på at det snart vart usemje om normkjernen, og heller ikkje kva for utslag den usemja fekk. Når vi skal drøfte 'språkrett' i denne samanhengen, må vi sjå bort frå slikt som kunne knyte seg til avgjerda om visse grammatiske grupper skulle ha bøyingsformer på *-i* eller *-a*: *solli* eller *sola*, *åri* eller *åra*, endå mange tykte at *det* meir enn noko anna var sjølve spørsmålet om godt eller dårleg språk. Det stod om dei sjølve og det norske folket skulle først til språkleg sæle eller språkleg ulukke.

Om vi held spørsmål om ortografiske og grammatiske former unna, skal vi ikkje sjå bort frå at formverket i målet kan ha noko å gjera med kva som er språkrett eller ikkje. I føreordet til ei av dei lengstlevande handbøkene i språkrett nynorsk skriv såleis forfattaren, den velvørde skulemannen, lærebokforfattaren og kjennaren av nynorsk, Severin Eskeland: «For meg har det vorti klårare etter kvart kor nøye ordval, målføring og formverk høyrer i hop.» Han går ikkje meir inn på korleis samanhengen er, og det spørsmålet kan vi heller ikkje ta opp her.

Nynorsk vart kodifisert som skriftspråk på grunnlag av talemål, og det vart laga i motseiing til eit anna skriftspråk, som i utgangspunktet var unasjonalt og talemålsfjernt. Dette vart ein definisjonsskapande bakgrunn for forståinga av god og språkrett nynorsk, og ikkje mindre av kva som var dårleg eller språkstridig mål. At nynorsk var norsk, og at det som

skriftspråk bygde på norsk talemål, vart kopla saman. Det talemålsnære vart sett på som ein føremon i seg sjølv, for det var det som sa kva som var norsk mål, og det var ein grunnleggjande premiss at norsk var godt — det beste for norske.

Det motsette av det gode var det skriftmålsbundne, det som gjekk ut frå eit skriftmål som ikkje hadde grunnlag i munnleg overført norsk tale. Motsetnaden mellom det talemålsnære og det skriftmålsmerkte har alltid vorte dregen fram som eit tilhøve mellom det som er godt, og det som er mindre godt — eller rett og slett dårleg mål. På den eine ytterkanten hadde ein den talemålsstilen som finst i samtale og folkeleg forteljning, på den andre hadde ein kansellistilen, arven frå dei offentlege skrivestovene. Den fyrste var munnleg og norsk — og god, den andre var framand og unorsk (og det ville atter seia dansk etter ein tysk modell) - og ikkje god.

Binding av substantivet

Syntaktisk gjev motsetnaden mellom det talemålsnære og det skriftmålsmerkte seg ymse utslag, såleis i underordning i høve til sideordning, substantivisk i høve til verbal ordlegging, passiv i høve til aktiv seiemåte, i preposisjonsbruk, omskrivingar og samansetjing i høve til genitivsbruk — og motsetnaden kjem fram på mange andre måtar. Det er lett å finne store skilnader mellom norsk talemålssyntaks og syntaksen i det som var skriftmålet i Noreg då nynorsk vart til. Når eg no skal ta fram nokre døme for å klargjera det, vil eg fyrst sjå på binding av substantivet — eller på det som vi etter Paul Diderichsens (1962:102) nemning «Bekendthed» kunne kalle «kjennskap».

Det syntaktiske draget dobbel eller enkel binding av substantiv og substantiviske hypotagme er eit særmerkt utslag av ein motsetnad mellom dansk og norsk språkstruktur, og samstundes mellom skriftmål og talemål som er ubunde av skrift. Det heiter i norsk talemål til dømes «den dagen», «denne dagen», «den lange dagen» og «dagen din» i motsetnad til i dansk «den dag», «denne dag», «den lange dag» og «din dag». Ut frå grunnlaget for målet skulle det vera greitt kva nynorsk måtte ha her. Men nynorsk vart ikkje til som skriftspråk i eit tomt og språklaust rom. Dei som fyrst skreiv

nynorsk, Aasen og andre, hadde lært å skrive dansk fyrst, og på finstelte syntaktiske område som dette var det ikkje så godt å fri seg heilt frå den bakgrunnen, endå om dei visste kva dei ville med nynorsk, og også som oftast visste kva dei gjorde med målet. Den norske uttrykksmåten vann ikkje like lett inn på alle bruksområde.

Det er klårt nok at det finst unntak frå hovudregelen om at norsk tale har dobbel binding (eller overbinding) der det kan vera det, men det er ikkje unntaka det står om, og eg skal ikkje nemne dei her.

Somme som skriv nynorsk, kjenner det mest naturleg å bruke seiemåten med enkel binding i meir abstrakt og opphøgdstil. I religiøst mål vart — og vert — såleis enkel binding brukt nokså mykje. Det står i Fadervår framleis «vårt daglege brød», «vår skuld» og «våre skuldmenn», men det står òg «namnet ditt», «riket ditt» og «viljen din». I fastekollekten ber kyrkjelyden om å bli fridd frå «den evige død», og det heiter alltid «Den Heilage Ande». På andre bruksområde der tonen er noko lyft, kan det ha vore sameleis, og ein ser også i nynorsk i dag ofte døme på at enkel binding blir brukt der talemålet ville ha dobbel binding.

Det er lett å finne tidlege døme på at velvørde nynorske språkfolk sjølve brukte enkel binding av substantiv i strid med norsk talemål. Den fyrste professoren i «Landsmaalet og dets Dialekter», Marius Hægstad, gjorde det såleis i føreordet til den fyrste nynorske skulegrammatikken, som er frå 1879. Den fyrste setninga i boka har denne ordlyden:

Det vert sterkare og sterkare det Kravet, at det **rette** norske Maal maa igjen koma til sin gamle Rett.

I syntagmet «det **rette** norske Maal» ligg det visst noko meir vørdsam tyngd enn om det hadde stått «det **rette** norske Maalet», med dobbel binding. Men det treng ikkje vera noko slikt ekstra innhald i andre døme med skriftmålssyntaks. I *Eksempelsamling til innøving av norsk maallæra* (1886) skreiv Hægstad til dømes «i desse setningar» (s. 16) og fleire gonger «desse stykke» (men òg «desse stykki», s. 27f.). I ei

anna tidleg lærebok, frå 1895, skreiv Lars Eskeland: «Det vert meir og meir so, at det levande maal maa vera mynsteret for bokmaalet (her i tydinga 'skriftmålet') i alle maatar.» Det er ein ironisk motsetnad mellom innhaldet i denne setninga og forma i substantivfrasen «det levande maal», og Eskeland har også mange andre døme på enkel binding slik som i «det levande maal».

Dei nemnde døma er frå vanleg bruksprosa, og mønsteret for dei som skreiv, kan ikkje ha vore «det levande maal», men dansknorsk skrift.

I handbøker om språkrett nynorsk er ikkje spørsmålet om enkel eller dobbel binding mykje framme. Forfattaren av den lengstlevande boka om språkrett nynorsk, Severin Eskeland (1954:54), har ein stad jamvel uttala seg imot å lata enkel binding vera eit kjennemerke på rett og god norsk i skrift. Han skriv om «denne attihengde artikkelen»:

For det fyrste er han inkje so fastgrodd til all god og levande norsk tale; for det andre er det inkje nokon skade i at ein etlar eit rimelegt «slarkerom» millom skriftmål og talemål, då visst i sume slag stil; inkje all stil skal likjast på lausleda kvardagstale.

Her ser vi såleis at ein av dei fremste talsfolka for at språkrett nynorsk er talemålsnær, også hevdar at det kan og bør vera ein skilnad mellom talemål og skriftspråk.

Andre syntaktiske typar

For å utvide synsfeltet noko og sjå den same saka frå motsett kant kan eg ta fram eit anna syntaktisk mønster, som også gjeld tilhøvet mellom norsk talemål og skriftmålet. I det aller meste av norsk talemål (som også i svenske dialektar) er det eit fast drag at tredje persons pronomen blir brukte føre personnamn og føre skyldskapssubstantiv: «han Per», «ho Guri», «han far», «ho mor». I somme målføre blir nær sagt alle personnamn dregne med: ho Margaret Thatcher, han Roman Jakobson. Semantisk-syntaktisk svarar pronomenet til artikkelbruken ved substantiv: «ho Guri» svarar til 'Guri-a', 'den dama', 'ho som du veit'. Dette draget har likevel ikkje

vunne innpass i nynorsk skriftmål anna i attgjeving av talemål. Det må vel koma av at det tradisjonelle målet — dansk-norsken, riksmål, bokmål — ikkje brukte noko slikt artikkelpronomen, og at draget kjendest for mykje munnleg også for det nyskapte skriftspråket som ville byggje på talemålet. Lærebøker i grammatikk nemner dette syntaktiske draget, men andre bøker om språkrett nynorsk gjer det ikkje.

Under stikkordet «kongruens» kan ein nemne eit drag der ymse dialektar har gjeve ulike mønster for skriftmålet. Dersom ein bruker både formelt og røyynleg subjekt i ei setning med perfektum partisipp der partisipp skal samsvarbøyast etter tradisjonell nynorsk grammatikk, så kan ein anten knyte partisippet til det formelle eller til det røyynlege subjektet. Vestlege dialektar vil ha ein seiemåte som «det er komne tre jenter» med samsvar mellom partisippet «komne» og det røyynlege subjektet «tre jenter», medan dei austlege og nordlege helst har «det er kome tre jenter» med samsvar mellom partisippet og det formelle subjektet. Offisiell lære i nynorsk har vore at det skal vera samsvar mellom partisippet og det formelle subjektet, såleis i dømet «det er kome tri menner» i Heggstad 1914:148 og i «det vart *skoti* mange elgar» i Torvik 1956:128. Men dette må vera fordi dei nynorske grammatikarane har teke over mønsteret i bokmålet, ikkje etter ei vurdering av kva det burde vera på grunnlag av norsk talemål. Då skulle det vestlege mønsteret òg ha fått ein sjanse.

Fornorskingsordbøker

Ordvalet har mykje å seia for kva som kan reknast for språkrett nynorsk. Nynorsk vart sett opp som eit alternativ til dansk eller dansk-norsk, og målet har seinare hatt ein språkleg motpol i riksmål eller bokmål. Skrivemåten (som motsvar til lyd læra), formverket og den syntaktiske bygnaden i målet skulle rette seg etter grunnmønsteret i norsk talemål. Det sa seg sjølv at også ordfanget helst skulle vera av heimleg rot. Kravet om at nynorske ord skulle vera av nordisk opphav, førte til sanksjonar mot ord som hadde ein annan bakgrunn. Det vart særleg vendt imot ord av tysk-dansk rot, mindre imot allment internasjonale ord. Tysk-danske lånord hadde ein sterk

plass i det tradisjonelle skriftmålet og i talemålet som knytte seg til det. Men visse typar av slike lånord fanst også i dialektane og hadde til dels funnest der lenge. Det nynorske skriftmålet kunne såleis ikkje byggje heilt og fullt på dialektane heller, og for å hjelpe dei som skreiv, med valet av ord vart det laga lister og bøker over ord som (helst) ikkje skulle brukast, det vil i denne samanhengen seia ord som ikkje hadde nordisk opphav.

Når ein skulle føre tilsyn med ordbruken, vart det ikkje berre spørsmål om å setja éit ord i staden for eit anna her og der, for dei framande og uynskte orda høyrde heime i faste vendingar. I stor mon kom derfor fornorskingsordbøkene til å gjera framlegg om andre seiemåtar for heilslege språkuttrykk og faste vendingar. Negativt har slike steingjengne uttrykksmåtar gjerne vorte kalla klisjéar, og det vart ei oppgåve for dei som laga fornorskingsordbøker, å byte ut klisjéane med meir beintfram tale, med menneskemål.

Idéelt skulle det å byte ord og seiemåtar slett ikkje vera ei mekanisk omsetjing. Det var innhaldet i dei proskriberte (skriftmåls)uttrykka som skulle gjevast att annleis, etter mønster av norsk talemål. Då måtte sjølv tanken vera grunnlaget for seiemåten. For å ta eit snøgt valt døme frå den nyaste fornorskingsordboka: Under oppslagsordet *egne* har Rommetveit 1985 ein velkjend seiemåte i bokmål: «det er e-et til å vekke oppmerksomhet». Ordrett omsett til nynorsk skulle det bli: «det er eigna til å vekkje merksemd». Men ordboka rår til noko anna: «ein lyt undra seg over at».

Om det såleis er meininga at fornorskingsordbøkene skal vera idébankar, ei hjelp til sjølvhjelp, ei rettesnor til å uttrykkje tankar annleis, så har dei vel ofte vorte brukte reint annleis, som oppskriftsbøker med fasitsvar. Dei kan somtid jamvel ha ført tanken på avvegar, med di dei får han til å feste seg ved noko anna enn det brukaren eigenleg ville seia, i det minste når det gjeld fine nyansar av det tenkte.

Fornorskingsordbøker er mykje brukte. I oppbyggnaden svarar dei til framandordbøker, men føremålet med dei er altså ikkje berre å rettleie om tydingar, men å gje betre (i meininga 'norskare') måtar å uttrykkje dei og dei tydingane.

Ein føresetnad for bruken av fornorskingsordbøker er at brukarane kjenner og kjem på slike ord som blir frårådde, slik at dei veit kva dei skal slå opp på i ordboka. Ein føresetnad må det må vidare vera at dei har sett seg inn i korleis ordbøker av denne typen skal brukast. Som eit kuriosum vil eg nemne eit heilt ferskt døme på at folk som ikkje hadde gjort seg kjende med bruksmåten for ei fornorskingsordbok, meinte at når eit ord fanst som oppslagsord i ei bok laga av ein kjend nynorskmann, måtte det vera eit prov på at ordet var godt nok. Dei hadde ikkje skjønt at alle oppslagsord i ei slik bok er frårådde ord. I dette høvet galdt det oppslagsordet *policy*, som vart brukt i eit rundskriv frå departementet. Dette vart emnet for eit brevbyte mellom departementet og Norsk språkråd. Det var då berre døme på eit hendeleg uhell.

Eg vil ta med nokre fleire einskildord som døme på kva ei fornorskingsordbok har på hjarta: at ein kan bruke ordet *affinitet* i nynorsk, men at andre ord for det same er *skyldskap* og *sameiningsevne*. Like etter ser ein at *aldeles* ikkje er noko nynorsk ord (nett dét har nyleg vorte omvurdert), men at ein kan bruke *heilt(opp)*, *reint*, *radt*, *plent* i staden, og ein finn at det nynorske ordet for *allehelgensdag* er *helgemess*. Og for å vende attende til det omstridde ordet *policy*, eit døme som går inn i dagsens anglonorske røyndom, så har Rommetveit ikkje mindre enn 14 norske ord som kan brukast i staden. Saman med den definerande bruksopplysninga at ordet er «(særli. brukt i samband med planlegging på lengre sikt:)), går dei tilrådde orda frå «grunnprinsipp, prinsipielt opplegg» over «kurs, taktikk» til «haldning, syn(småte), oppfatning».

Språkrett nynorsk — Severin Eskeland

Den fyrste eigenlege handboka i språkrett nynorsk kom i 1904. Det var Severin Eskeland: *Reglar og rettleidingar i norsk målbruk*. Ho kom jamleg i nye opplag og nye utgåver fram til det sjette opplaget i 1954. I føreordet til den siste utgåva peikte Eskeland på at det i 1954 var mykje lettare å finne mønster for norsk og naturleg målføring enn det hadde vore i 1904, for det norske skriftmålet hadde vakse mykje, ikkje

minst i breidda. Det vil seia at det hadde vunne inn på nye område.

I føreordet til den fyrste utgåva gjorde Eskeland det klårt at boka skulle fremja den norske målbruken som var å finne i nedervt mål hjå gamle og støe målbrukarar. Mange hadde lese og høyrte så mykje dansk at dei var sterkt bundne til det framande, og nokon kvar trong å reinske målet sitt. Det hadde særleg mykje på seg at ordføringa, vendingane, var gode. Eit ord kan ein alltid få inn att. Verre er det når ein gløymer ei heil språkleg vending eller bruker henne rangt.

Utgåva frå 1904 er delt i to hovuddelar, ein del om ymse ord og ordlag og ein del om setningar. Eskeland tek til med pronomen, og det fyrste er eit slikt grunnleggjande drag som at ein viser til substantiv, «baade folk og fe (livande og daudt)», med pronomena *han*, *ho* og *det*. Det særskilde er *han* og *ho*, for det å bruke dei er eit fast drag i norsk folkemål (som òg i svenske dialektar — Wessén 1977:69). Sameleis som ved bindingsmåten av substantiv er det likevel eit drag der bruksmåten i bokmål, med *den* i staden for *han* og *ho*, har hatt eit lag til å slå over på nynorsk, særleg når tilvisinga går på abstrakte omgrep. I visse samanhengar kan det også lette forståinga å bruke *den* i staden for *han* eller *ho*, og det er ikkje vandt å finne døme i nynorsk bokheim frå Vinje og framover, endåtil hjå gode stilistar, på at *den* blir brukt i strid med det som talemålet tilseier at språkrett nynorsk skulle ha (Berulfsen 1967:19ff.).

Andre emne Eskeland tek opp, er at personlege pronomen som predikativ alltid står i subjektsform i norsk: typen «det er eg» i staden for «det er meg» (dette er eit vanleg emne for lærarar i språkrett nynorsk), vidare tilvisinga for *seg* og *sin*, bruk og misbruk av passiv, bruk av infinitivsmerket, tilhøvet med infinitiv og preposisjon. Ved det siste emnet slår han eit slag imot «for aa» endå den bruken «hev kome so inn i skriftmaalet vaart, og i talen òg mange stader, at det kann vera vandt um ein fær det heilt ut atter» (s. 30). I samband med *at*-setningar tek han med ein lang merknad om at «*Jo* let seg ikkje bruka paa norsk». — Etter norma i dag let det seg bruke som adverbial, og kampen mot det ser ut til å vera ein tapt skanse.

I utgåva frå 1909 hadde bruk (eller rettare ikkje-bruk) av genitiv kome til som eit nytt emne. Eskeland tykte at genitiv gav målet mang ei «næm vending», men han ville likevel ikkje godkjenne genitiv ut over slike vendingar som finst i vanleg folkeleg bruk. Ein kunne nok seia i bibelmål «Abrahams Gud», men ikkje i kvardagstale «Pers hest», og Eskeland meinte jamvel at genitiven «i sume telebygder» ikkje var ned-ervd, men hadde kome inn «etter lesnad med framand maalføring» (1909 : 48). Endå han slo fast at ein særskild genitiv var borte både i engelsk og fransk og jamvel i tysk og dansk tale, visste han at det ikkje ville vera lett å vera utan genitiv:

I dansk er genitiven noko av det som fell mest i øyro. Og dei som hev vorte uppskula i dansk maalføring, fyrr dei lærde heimemaalet sitt vel, fær ofte ein hard strid å standa, fyrr dei vert den danske genitiven kvitt og finn heim til dei gode, greide vendingarne i sitt eige maal. Men det er ein strid som svarar seg. Dei vil snart skyna at den framande genitiven hev hjelpt til aa gjera baade talen og tanken uklaar.

I eit par skremmande døme let Eskeland den såkalla garpegenitiven med *sin* få unngjelde. Den hadde brukarane rett nok ikkje lært av dansk, men dei hadde vel trongen til eit genitivuttrykk frå dansk, og så tok dei det norske motsvaret som dei trudde var brukande. Det er ei svært vanleg haldning mellom nynorskskrivarar i dag òg at det må vera vel og bra å bruke genitiv med *sin*, for han smakar så nynorsk. Rettnok seier dei fleste som har studert dette, at han kjem frå kontinentet som mykje anna vondt, men han finst i norsk talemål, frå fyrst særleg i vestnorsk, det vil seia i målføret i bygder som har nynorsk skulemål, og som elles gjerne er kjende som særskilt nynorske. Elles har genitiv med *sin* fått ei slik utbreiing i talemålet etter kvart at han òg er ved å trengje inn i bokmål.

Meir om genitiv og garpegenitiv

Spørsmålet om genitiv eller ikkje i nynorsk er enno aktuelt. Dei gamle rettleiingsfolka i språkrett nynorsk var mesta sam-

røystes i å gå imot nokon allmenn genitivbruk. Ei einsleg røyst som tala imot dei, var Knut Liestøl (1927:96): «Kvi skal det setjast stengje for dette kavnorske målbruket som er ned-ervt frå gamalnorsk, lever i folkevisone og er heiltupp turvan-de i nynorsk skriftmål?» I eit anekdotisk tillegg til denne meiningsytringa fortel Liestøl at då det hadde vore framlegg om ein eksamensstil til artium: «Fredrik den stores personlighet og karakter og hans betydning for Tysklands utvikling», laut dei leggje emnet bort fordi det var umogeleg å omsetja teksta til nynorsk. Utanom dagsordenen vil eg her leggje til at jamvel om dette er ein anekdote fortald av ein velvørd nynorskmann, så er det sakleg «det skire tull». Det er lett å ordleggje dette på språkrett nynorsk og utan genitiv.

Liestøl var likevel ei røyst som ropa i ein vill skog av Eske-landar og Gjelsvikar. Han var forresten frå genitivområdet på Agder, så ein kan seia at han bad for si sjuke mor når han tala for genitiv.

Spørsmålet om genitiv med *sin* er på ein måte meir vanskeleg enn det som går på vanleg genitiv. Av di han finst så vidt i folkemålet, skulle ein i fyrste omgang helst tru at det berre var det unorske opphavet som med rimeleg grunn kunne fø- rast imot genitiv med *sin*. Mange ville tykkje at det var for lite til å vraka han.

Den som ikkje liker genitiv med *sin*, leiter derfor gjerne etter noko meir å feste mothugen på. Det fyrste ein då triv til, er gjerne at estetiske og språkøkonomiske omsyn talar imot denne typen genitiv, for det er ikkje nokon lett seiemåte, og dersom ein fyrst godtok han, er det grunn til å ottast at somme lett ville bruke han så mykje at det kunne føre til ein skifte- laus stil. Dessutan kunne bruken i skrift snart breie seg ut over den i talemålet, der genitiv med *sin* helst står for verkelege eigarar, referentar som har innhaldssærmerket [+ levande]. Men her kan ein leggje til at ikkje så reint få nynorskskrivarar bruker genitiv med *sin* og visst kjenner seg vel med det. Dei som ikkje liker denne genitiven, kan ikkje for at dei må kulse i språksjela ved å sjå slikt, i alle fall når døma står tett i tekster dei les.

Ein professor i austerlandsk og ein i juss

Det var ein professor i tysk, Erik Wellander, som skapte bibelen i språkrett svensk (Wellander 1973). I Noreg vart ein professor i semittisk, Aleksander Seippel, legendarisk som «den store maalmeisteren» i nynorsk, og endå merkelegare: Ein professor i juss, Nikolaus Gjelsvik, fekk eit tilsvarande gjetord som teoretisk og ikkje mindre praktisk meister i nynorsk.

Eg skal ta med berre eitt døme på ei tilråding av Seippel. Det gjeld vendinga «ikkje på langt nær». Det er, seier han, «ein stygg danisme og der-attåt meiningslaust». I ein fotnote legg han til at danskane no har teke til å skrive «paa langt nær», utan *ikke*. Det norske som svarar til denne vendinga, er «inkje nåme nær» eller «inkje brått (inkje på lang leid)».

Seippel har òg eit alvorleg ord om genitiven med *sin*, brukt som i «mål-lage si kaffi-stove»: «Han er ein arv frå dei hanseatiske kaup-mennane, som arma ut lande i slutten av millom-aldren», men Seippel dømer denne genitiven frå livet også på eit stilistisk eller sosialt grunnlag: «Han hev ein vulgær svip, og me kann svært vel vera han forutan.»

Jussprofessoren Gjelsvik vann dei fyrste språksporane sine som kvasstenkt logikar, då han sette snirkolute og innfløkte lovtekster om til nynorsk. Gjelsvik gjekk til dei djupaste saklege grunnane og tenkte gjennom kva som var meint med det og det skriftleg sagde før han forma ut meininga på nytt. Når han gjekk attover i saga til det juridiske språket, fann han danske førelegg som kjelder for målet i norske lover. Det var vel ikkje uventa, kanskje heller ikkje at han så vidare fann kjeldene til det danske i tysk juridisk språk, og at det heile til sist var å føre attende på romarretten. Det var latin som var mønsteret for juridisk målføring i germanske mål, som det var i romanske.

Dei latinske syntaktiske mønstera var for Gjelsvik det store, stygge trollet, men nynorsk hadde ein historisk sjanse til å fri seg frå latinveldet som det einaste germanske målet, islandsk medrekna. Den naturlege ordfellinga i norsk talemål var det som kunne berge oss. Eit døme han dreg fram, er det danske «finde sted», som svarar til svensk «äga rum» og islandsk «eiga sér stað». Det heiter i engelsk «take place», i tysk «statt-

finden» og i fransk «avoir lieu», men alt går attende på latin «locum habere» — og Gjelsvik tykkjer at alt er like stygt. Ein kan nok synast at nett dette dømet ikkje er det verste som har hendt oss, men med dei tydelege motsvara i språk etter språk syner det i alle høve godt kor allmenn påverknaden frå latin har vore, og det underbyggjer på den måten påstanden til forfattaren. Døma fortel dessutan at dette er eit svært vanleg ordlag.

Gjelsvik tenkte over og tok stode til føremoner og ettermoner ved stilistiske bruksmåtar av kvart språk ut frå den formelle oppbyggnaden åt språket sjølv. Latin hadde «fine» partisippformer, rike vilkår for å laga substantiv av adjektiv og ei mengd «fine» genitivformer. Derfor kunne dei i latin ha mykje partisippbruk og substantivbruk. Men gale vart det når tysk og dansk følgde etter latinen trass i at språkstrukturen var annleis. Av det vart det berre dårleg tysk og dårleg dansk. Endå verre ville det vera om nynorsk følgde etter dansk att. Ei viktig side var genitivbruken i dansk. Gjelsvik hadde i omsetjingsarbeidet sitt teke ut genitivar i tusental.

Språkrett nynorsk — Alf Hellevik

I arbeidet med språknorm og målføring i nynorsk i tida etter 1945 har Alf Hellevik vore den som har hatt mest å seia. Han har vore med i dei fleste nemndene, råda og utvala, han har arbeidt svært fritt med normering som utgjevar av den viktige folke- og skuleordlista, han har skrive ei lærebok i språkrett nynorsk og ei mengd artiklar, og han har stelt med språkspørsmål i radioen. Mange har hatt meiningar om kva som er språkrett nynorsk, men Hellevik har meir enn andre gripe inn i korleis målet skulle vera. Hellevik var også tidleg på vakt mot anglonorske tendensar. Alt i 1954/55 (Hellevik 1956:86ff.) tala han om nyare lån frå engelsk-amerikansk, og han har gjort det i tale og skrift fleire gonger etterpå. Også her skilde han klinten frå kveiten, det brukande frå det forkastelege.

Med å tala om «departementsmål» og «heradsstyremål» har Hellevik sett dagsaktuelle nemningar som motsvar til «kansellistil». Han er imot den upresise ordlegginga med dei

altfemnande orda «greie» og «ting», og veit at substantiv-sjuka i «gjera til gjenstand for behandling» er like galen om ein byter ut «gjenstand» med «emne» og «behandling» med «handsaming». (Døma hans er no elles andre.)

Det siste emnet Hellevik tek opp i språkrettboka *Norsk på ny*, er samsvarbøying av fortid partisipp. Det venta han med fordi det er vanskeleg. Det er så vanskeleg at etter Hellevik skreiv dette, og etter at han gjekk ut av Norsk språkråd, tok etterfølgjarane hans der og gjorde kort prosess med heile samsvarbøyinga - rett nok ikkje i læreboknormalen. Det har ikkje kome fram kva Hellevik tenkte om den åtgjerda.

På godt norsk

Frå 1980-talet finst det ei handbok i nynorsk målbruk for det offentlege. Ho heiter *På godt norsk* og er resultatet av eit lagarbeid. Av dei fire forfattarane Fretland, Rommetveit, Sudmann og Vikør har dei tre siste på ulike måtar vore knytte noko til Norsk språkråd. Boka deira vender seg helst til folk som har vore mest vane med bokmål, og det speglar seg av i framstillingsmåten. Det er lagt mykje vinn på å få fram gode nynorske uttrykksmåtar i staden for dårleg bokmål, og boka er i nokon mon bygd opp med utbyting og avløyising som ein grunntanke.

Samanfating

Dei fleste arbeida om språkrett nynorsk har dels vore laga for skulen, dels for ålmenta. Dei er i samsvar med bakgrunnen for nynorsk i det at dei set ordleggingsmåten i nedervt norsk talemål som førebilete for god skriftleg språkbruk. Det fører til at visse syntaktiske mønster blir tilrådde — som dobbel heller enn enkel binding av substantiv og substantivfrasar eller som preposisjonsbruk og anna ordlegging heller enn genitiv. Noko usemje har det vore om slike tilrådingar.

Det har også funnest dei som ope har vilja godta framande syntaktiske mønster, og dei har nok gjort seg gjeldande i språkdebatten, men dei har helst ikkje skrive bøker om språkrett nynorsk. Vi ser ikkje sjeldan at dei som har vilja godta syntaktisk og annan påverknad frå bokmålet, samstundes

har vore folkemålsvenner og talsfolk for målføra. Det kan sjå ut til å vera noko indre motseiing i at slike meiningar møtest i ein og same person: at somme samstundes talar for at målføra skal vera førebiletet, der til dømes genitiv finst lite, og talar for at ein må godta i norma den bokmålsmerkte genitiven.

Visse merkelege motseiingar finst det òg hjå motflokken: Dei set kan hende strenge krav til at ordfanget skal vera heimleg, men vil ikkje godkjenne lånorda som lever i målføra. På den måten kan ein seia at alle har sine svin på skogen når det gjeld språkrett nynorsk.

BØKER OG (HEFTE) OM SPRÅKRETT NYNORSK

Dale, Johs. A. 1953: God norsk. Undertittel: «Nynorsk». S. 5-64 i Johs. A. Dale — Marius Sandvei: God norsk. Nynorsk og bokmål.

Foredrag i Norsk rikskringkasting sommeren 1953.» Oslo. 114 s.

Dale skriv om «Rett norsk», «Språkrøkt», «Forteljestil», «Språklege mønster», «Kansellispråk», «Passiv», «Fremmendord», «Lånord», «Nylaging», «Skildring», «Det rette ordet», «Biletspråk», «Godt mål» og «God nynorsk». Tyngda ligg på språklege verkemiddel, ordbruk og stiltypar.

Eskealand, Severin 1904: Reglar og rettleidingar i norsk målbruk. Oslo. 51 sider.

I «Fyreord» heiter det: «Me maa fyrst og framst lyda etter maalet soleis som det læt paa folketunga.»

Det kom nyutgåver i 1909 (88 s.), 1940 (96 s.) og 1954 (6. opplaget). Det var dessutan fleire opplag imellom kvar ny utgåve. I føreordet til 1940-utgåva står det: «Denne boki er skrivi ut frå den tankegangen at me skal dyrka vårt norske mål på eigen grunn, og gjera det so lett og greidt og vent som me er føre til.» — Norsk seiemåte er ofte sett opp mot dansk, og det er vist til korleis det og det blir uttrykt i dialektane.

Fretland, Jan Olav — Magne Rommetveit — Arnulv Sudmann — Lars S. Vikør 1980: På godt norsk. Ei handbok i nynorsk målbruk. Oslo. 219 s.

Boka vart laga etter opptak frå Forbrukar- og administrasjonsdepartementet for å styrkje opplæringa i nynorsk i den offentlege forvaltninga. Saman med boka kom det ei synonym- og omsetjingsordliste, Rommetveit 1981, og eit brevkurs. I boka er det teke opp emne som omsetjing og ordval, syntaks, stiltypar, og det er gjeve eit oversyn over formverket i nynorsk.

Gjelsvik, Nikolaus 1929: Juridisk ordliste. Undertittel: «Med ei utgreiding um den juridiske stilen». Oslo. 129 s.

Under kvart oppslagsord i ordlista er det gjeve utførlege prøver på bruken i viktige juridiske seiemåtar, det er faglege merknader til dette, og det er påvist at meir beintfram, konkret ordlegging også gjer innhaldet meir klårt for tanken.

Gjelsvik, Nikolaus 1938: Von og veg. Oslo. 204 s. Det kom nytrykk av boka i 1950. Det er to undertitlar: «Norsk målføring» og «Norsk eller latinsk stilgrunnlag».

Ved å gå gjennom eit rikt dømetilfang set Gjelsvik uttrykksmåten i mange germanske mål i høve til latin. Han hevdar at nynorsk ved å byggje på talemålet er det einaste målet som kan gå fri for ei uheldig binding til latin. Også islandsk er syntaktisk sterkt påverka av latin, seier han.

Gundersen, Dag og Boye Wangensteen 1973: Over til nynorsk. Fornorskingsordbok ved Oslo. 105 s.

Frå innleiinga er dette saksa: «I denne boka blir bokmålsord omsette til nynorsk.» — «Bokmålsord som også kan brukast på nynorsk, er som regel ikkje tekne med som oppslagsord.» — «Mange av nynorskorda kan også brukast på bokmål. Slike ord er merkte med ein ring framfor: ○.»(s. 4).

Heggstad, Leiv 1917: Fornorskingsordbok. Oslo. 191 s.

Dette er ei «Norskdansk rettskrivingsordbok med norsk ordtyding». Oppslagsorda er på bokmål, og det er gjeve nynorske motsvar til dei. Eit eige teikn er brukt til å seia at nynorsk har det same ordet som norskdansk. Det kom nye utgåver eller nye opplag i 1924 (255 s.), 1936, 1950 og 1958. Den frå 1958 er (2. opptrykk) av 3. utgåve, 281 s.

Heggstad, Leiv 1965: Fornorskingsordliste. Undertittel «Rettskrivingsordliste for bokmål. Med oversettelse til nynorsk». Oslo. 119 s. 10. opplag.

Dette er ei stuttare utgåve av Heggstad 1917.

Hellevik, Alf og Ingvald Torvik 1956: God norsk i skrift og tale. Undertittel «Nynorsk». S. 73-161 i Sandvei, Hellevik, Torvik: *God norsk i skrift og tale. Bokmål og nynorsk.* Foredragsserie i Norsk rikskringkasting 1954/55. Oslo. 161 s.

Hellevik skriv om «Ordvalet», «Samansetningar» og «Knot», Torvik mellom anna om genitiv, dobbel artikkel og heradsstyremål.

Hellevik, Alf 1968: Norsk på ny. Oslo. 239 s.

Dette var «Studiebok for kursopplegget *NORSK PÅ NY*». Om innhaldet heiter det i innleiinga: «Skal vi nå fram til sikkert herredømme over målet, må vi kjenne reglane for uttale, skrivemåte og bøying, men vi må òg kunne velje dei rette orda og vendingane, og setje dei saman så dei gjev god mening.» Boka vart fyrst brukt saman med eit brevkurs til ein programserie i radio, og ho har seinare vore mykje nytta som lærebok i nynorsk.

Hellevik, Alf 1970: Det rette ordet. Undertittel: «Ord og ordlegging i skrift og tale». Oslo. 160 s.

Dette er ei rekkje av foredrag eller kåseri i Norsk rikskringkasting. Dei fleste knyter seg til Hellevik 1960, men det er òg med ein annan serie, frå 1966-67.

Det er lagt vekt på å vise målet i bruk og på breidda i målet: «Avvikande målbruk hos andre bør vi derfor sjå på med sinnsro og toleranse ...».

Liestøl, Knut 1927: Målreising. Oslo. 118 s.

Dette er ei samling av artiklar. Særleg dei to fyrste gjeld språkrett nynorsk. Dei skal «syna noko av samanhengen mellom nynorsk og gamalnorsk i mål, stil og diktning». Liestøl hevdar verdet av talemålet som førebilete, men legg òg vekt på at det er ein naturleg skilnad mellom talemål og skriftmål.

Rommetveit, Magne 1980: — sjå Fretland, Jan Olav.

Rommetveit, Magne 1981: På godt norsk. Oslo.

Undertittelen er «Synonym- og omsetjingsordliste. Frå bokmål til nynorsk». Trass i tittelen er dette meir enn ei ordliste, ei tospalta, tettprenta ordbok på 151 sider. Den andre utgåva, frå 1986, har stivband og er utvida til 222 sider. Dette kjem òg fram i den forandra undertittelen: «Synonymordbok med omsetjingar frå bokmål til nynorsk». Etter sjølve ordboka er det tre sider med nynorske namn på nokre offentlege institusjonar. Boka er «eit første forsøk på å hjelpa nynorsk-skrivarar til å finna fram til enkle, klåre og presise uttrykksmiddel i samanhengar der nedarva kansellistil og abstrakte bokmålsklisjear har lett for å melda seg først for tanken» (Føreord).

Schjøtt, S. [teinar] 1909: Dansk-norsk Ordbog. Kristiania. 996 s.

Dette er ei tospråksordbok av «dansk (og rigsmaal) til landsmaal» («Fortale», s. VIII), og ho er samstundes den fyrste av typen fornorskingsordbøker. I føreordet seier Schjøtt at han ikkje har laga dei norske orda; dei finst i bygde- og bymåla. Når det gjeld abstrakte substantiv, bør ein ikkje gløyme at «landsmaalet har et sterkt præg af mundtlighed» (s. XI.).

Seippel, Aleksander 1932: Ymse rettleidingar um norsk målbruk. Voss. 40 s. Utgjeve av Norsk Måldyrkingslag.

Heftet er forma som eit brev til «Gode ven» [Lars Eskeland], som hadde skrive til Seippel, «den store målmeisteren», og bede han «gjeva oss noko av alt han hev tenkt og skrive upp um norsk og unorsk målføring». Det er underskrive «I høg-vyrndnad Alexander Seippel». Seippel var professor i semittiske mål, og han hadde «eit makelaust fint måløyra» (Norsk allkunnebok). Han laga bibelomsetjing til nynorsk og hadde der sett seg som føreløge å ikkje laga ei setning som var slik at ikkje ein norsk bonde kunne ha sagt ho.

Skei, Hans H. (red.) 1985: Stilskrivning og nynorsk språkbruk. Utgjeve av *Dag og Tid*, Oslo. 56 s.

Dette er eit hefte som skal hjelpe elevar i den vidaregåande skulen fram til eksamen i nynorsk. Det gjev mange råd om korleis ein skal skrive god, språkrett nynorsk. Del 1 (s. 4-10) går mest inn på nokre vanlege språklege feiltypar. Elles er det mange stilistiske og framstillingstekniske tilhøve som blir drøfta.

Sudmann, Arnulv 1980: — sjå Fretland, Jan Olav.

Torvik, Ingvald 1956 — sjå Hellevik, Alf.

Vikør, Lars S. 1980 — sjå Fretland, Jan Olav.

Vinje, Finn-Erik 1975: Skrivereglar. Nynorsk. Oslo. 80 s. Ei ny utgåve i 1981 er 102 s.

Dette er ei omsetjing av *Skrivereglar. Bokmål*. Både teksta og døma er omsette etter bokmålsutgåva.

Wangensteen, Boye — sjå Gundersen, Dag.

Tilvisingar

som kjem i tillegg til lista over bøker i språkrett nynorsk:

Berulfsen, Bjarne 1967: *Norsk grammatikk* Ordklassene. Oslo.

Eskeland, Lars 1895: *Hjelpebok i norsk rettskriving*. Elverum.

Eskeland, Severin 1954: «Bakgrunnen for Vestlandske Mållag». S. 33-70 i *Vestlandske Mållag 1904-1954*. Bjørgvin.

Heggstad, Leiv 1914: *Norsk grammatikk* for skuleungdom. Kristiania.

Hægstad, Marius 1879: *Norsk Maallæra elder Grammatik i Landsmaalet*. Namsos.

Hægstad, Marius 1886: *Eksempelsamling til innøving av norsk maallæra*. Namsos.

Torvik, Ingvald 1956: «Nynorsk II». I Sandvei, Hellevik, Torvik: *God norsk i skrift og tale*. Norsk rikskringkasting. Oslo.

Wellander, Erik 1973: *Riktig svenska*. Fjärde omarbetade upplagan. Stockholm.

Wessén, Elias 1977: *Svensk grammatik för norrmän*. Oslo.

Aasen, Ivar 1864: *Norsk Grammatik*. Kristiania.

Aasen, Ivar 1873: *Norsk Ordbog*. Kristiania.